



**Eigarskapsmelding
Bjørnafjorden kommune
Del III – Føretaksspesifikk
eigarstrategi for**

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF

Org nr: 999 022 216

Vedteken av Bjørnafjorden kommunestyre 18.12.2025, sak 122/2025]

Innhald

1 Innleiing – Eigarstrategi - formål	3
2 Eigar sitt formål – kommunen sitt formål med eigarskapen	4
3 Fakta om føretaket	4
4. Eigar sine krav til føretaket	5
4.1 Føretaket sitt samfunnsansvar	5
4.2. Føretaksstrategi	5
4.3 Eigarmøte/dialogmøte med eigar	6
4.4 Eigarstruktur	7
4.5 Resultatmål	7
4.6 Rapportering	8
5 Interesse- og rollekonflikter	8
6 Evaluering av eigarstrategien	8
7 Vedlegg	8

1 Innleiing – Eigarstrategi - formål

Bjørnafjorden kommune har utarbeidd ei tredelt eigarskapsmelding som har til hensikt å gje ein heilskapleg eigarstrategi for dei eigarpostane kommunen har i ulike selskap.

Eigarskapsmeldinga del I – Generelle prinsipp - skildrar dei overordna prinsippa for kommunen si forvaltning av eigarposisjonane sine i selskap, føretak og andre fora.

Eigarskapsmeldinga del II – Selskap og eigarskap – viser oversikt over dei ulike eigarskapa og kommunen sitt formål med eigarskapet per selskap. Denne syner også selskapet sitt formål og nøkkeltal. Eigarmeldinga del II inngår som ein del av kommunen si årsrapportering og handsamast soleis ein gang i året.

Eigarskapsmeldinga del III – Selskapsspesifikk eigarstrategi – er nettopp det. Kommunen sin spesifikke eigarstrategi for dei selskapa som kommunen har ei særskilt interesse i, slik som heileigde kommunale aksjeselskap og kommunale føretak. Denne omfattar formål med eigarskapet, krav til selskapet, selskapet sin strategi m.v.

Samla sett utgjer dette Bjørnafjorden kommune sin eigarskapspolitikk. Eigarskapspolitikken skal bidra til føreseielege styringssignal som kan sikre langsiktig verdiskaping, samfunnsmessig og/eller finansielt, i selskapa. Den samla eigarskapsmeldinga skal vera eit overordna politisk styringsinstrument for kommunale føretak og for verksemdar som er lagt til eit anna rettssubjekt, ein vertskommune eller til anna interkommunalt organ.

Målet er at selskapa, gjennom eigarskapsmeldinga, skal få klarare styringssignal frå eigar, herunder forventningane til det einskilde selskapet. Dette vil særleg kome fram i del III, dei selskapsspesifikke eigarstrategiane.

Den selskapsspesifikke eigarstrategien blir utarbeidd individuelt for kvart selskap. Dette blir gjort av eigar i samråd med selskapet og selskapet sitt styre. Eigarstrategien vedtakast av kommunestyret. Eigarstrategien utdjupar formålet med selskapet, fastset overordna målsettingar og tydeleggjer eigar sine krav, rammer og forventningar til selskapet si drift og til selskapet sitt styre. Eigarstrategien skal uttrykka dei mål, tiltak og prioriteringar kommunen har sett overfor selskapet. Eigarstrategien skal utdjupa og supplera eigarskapsmeldinga del I og II. Om desse ikkje er i samsvar har eigarskapsmeldinga del I og II forrang.

2 Eigar sitt formål – kommunen sitt formål med eigarskapen

Bjørnafjorden kommune har etablert føretaket Os Idrettspark Bjørnafjorden KF. Bjørnafjorden kommune er, og skal vera, eineigar i føretaket. Det overordna formålet med å eiga Os Idrettspark Bjørnafjorden KF er å tilby innbyggjarane gode og inkluderande idretts- og fritidstilbod, og gjennom dette bidra til å fremja folkehelse, fellesskap og aktivitet i lokalsamfunnet.

Gjennom Os Idrettspark Bjørnafjorden KF ønskjer kommunen å

- Drifta og utvikla idrettsanlegg på Kuventræ og i Eikelandssosen som er opne og tilgjengelege for innbyggjarane, og sikra profesjonell drift og vedlikehald av anlegga på Kuventræ og i Eikelandssosen.
- Støtta lokale idrettslag og organisasjonar med fasilitetar og infrastruktur
- Fremja fysisk aktivitet og trivsel blant born, unge og vaksne
- Sikra overskot i drifta. Slikt overskot vert verande i føretaket og skal disponerast på ein måte som styrker framtidig drift. Ved eventuell likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.

Kommunen har valt selskapsforma kommunalt føretak for å gje styret for Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, og den administrative leiinga, handlingsrom for god forretningsmessig drift.

3 Fakta om føretaket

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sitt føremål er å driva Os idrettspark på Kuventræ og Fjorden arena i Eikelandssosen.

Os idrettspark på Kuventræ inkluderer Osbadet, idrettshallane (tre flater) med tilhøyrande garderobefasilitetar, kampsportrom, hoppegrop, klatrehall, kontorareal og resten av fasilitetane i, og i tilknytning til, bygga, kunstgrasbane med løpebaner og tilhøyrande friidrettsanlegg, kasteområde/friområde, idrettsbygg med lager, opphaldsrom, tidtakarrom og utstyr, og parkeringsanlegg ved sidan av og under Oshallane.

Fjorden arena inkluderer handballflate, klatrevegg, styrkerom, to møterom, to kontor og resten av fasilitetane i bygget, samt parkeringsplass ved anlegget.

Dåverande Os kommune stifta Osbadet KF i 2005 for å drifta badeanlegget på Kuventræ. Føretaket fekk etter kvart og ansvar for idrettshallane og den kommunale delen av idrettsanlegget utandørs, og skifta då namn i Os idrettspark KF. I 2020 endra føretaket namn til Os idrettspark Bjørnafjorden KF, og fekk frå 2021 i tillegg ansvar for å drifta Fjorden arena i Eikelandssosen.

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF er oppretta og vert drive i medhald av kommunelova kapittel 9.

Os idrettspark Bjørnafjorden KF tilbyr

- basseng til symjeopplæring for skulane på Os-sida av kommunen
- aktivitetstilbod til familiar og einskildpersonar
- helsetrening for dei som slit med helsa
- gjennom idrettslaga i kommunen; idrettstilbod for symjing, friidrett, fotball, turn, handball, basketball, volleyball, kampsport, cheerleading, og klatring i klatrevegg

- symjekurs i ulike symjeartar, tilbod til alle frå spedborn til vaksne
- møte- og forsamlingslokale, ein sosial samlingsstad

Per 2025 har Os idrettspark 23 tilsette fordelt på 13,1 årsverk.

4. Eigar sine krav til føretaket

4.1 Føretaket sitt samfunnsansvar

Os idrettspark Bjørnafjorden KF sitt samfunnsansvar kjem klart fram i strategiplanen og omfattar fleire sentrale område. Samfunnsansvaret handlar om korleis Os idrettspark Bjørnafjorden KF bidreg positivt til samfunnet rundt seg – utover det å driva økonomisk lønnsamt. For Os idrettspark Bjørnafjorden KF handlar samfunnsansvaret om:

- Å fremja folkehelse gjennom aktivitetstilbod for alle.
- Å sikra inkludering og likestilling.
- Å samarbeida med skular, lag og helsegrupper.
- Å driva berekraftig og miljøvennleg.
- Å vera ein trygg og etisk arbeidsplass.

Kort sagt: Os idrettspark Bjørnafjorden KF skal vera ein ressurs for lokalsamfunnet – både sosialt, helsemessig og miljømessig.

Vidare skal føretaket drivast i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar. Føretaket skal ta gode etiske og ansvarlege val når det gjeld både sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Bjørnafjorden kommune sine etiske retningslinjer skal ligga til grunn for verksemda, og Os idrettspark Bjørnafjorden KF skal ha innkjøpsreglement- og rutinar som er i tråd med lov om offentlege anskaffingar.

Os idrettspark Bjørnafjorden KF skal ha ein god og tett dialog med dei ulike brukargruppene, spesielt dei frivillige organisasjonane som nyttar anlegga, gjennom regelmessige møtepunkt og aktiv involvering. Os idrettspark Bjørnafjorden KF skal stilla kompetansen sin til rådvelde for idrettslag som treng faglege råd og rettleiing om vedlikehald av til dømes kunstgrasbane, friidrettsanlegg eller andre idrettsanlegg.

4.2. Føretaksstrategi

Mål og strategiar for verksemda blir vedtekne av styret i Os Idrettspark Bjørnafjorden KF. Bjørnafjorden kommune legg til grunn at styret og leiinga utviklar forretningsmessige mål og strategiar for føretaket som er i samsvar med kommunestyret sine overordna mål (jf. pkt. 2).

Føretaket sitt strategidokument, saman med den årlege økonomiske planen (sjå punkt 4.5 nedanfor), skal samla gje ei vurdering av føretaket sin risikoprofil og risikoeksponering.

Strategiplanen for Os idrettspark Bjørnafjorden KF 2023–2027 følgjer som vedlegg. Oppsummert seier strategien at idrettsanlegga som føretaket driftar på Kuventræ og i Eikelandssosen skal vera kommunen sine mest attraktive arenaer for bad, idrett og folkehelse. Visjonen er å inspirera til meistring, helse og sosialt fellesskap. Verdien til Os

idrettspark Bjørnafjorden KF er at anlegga dei har ansvar for skal oppfattast som dei sikraste, reinaste, hyggelegaste, mest attraktive og mest inkluderande idrettsanlegga.

Strategien legg vekt på breie aktivitetstilbod, samarbeid med skular, lag og næringsliv, vidareutvikling av anlegga og auka aktivitet. Det skal satsast på berekraft, med fokus på helse, likestilling og ansvarleg forbruk.

Organisasjonen skal vera ein trygg arbeidsplass med fokus på HMS, opplæring og etiske retningslinjer. Strategien vert konkretisert i ein handlingsplan knytt til budsjett og kompetanseutvikling.

4.3 Eigarmøte/dialogmøte med eigar

Eigarmøte er faste møte minimum to gongar i året, mellom Os idrettspark Bjørnafjorden KF ved styret sin leiar og dagleg leiar, og kommunen ved ordførar og kommunedirektør. Eventuelle andre deltakarar møter etter behov. Møta vert fortrinnsvis haldne innan utgangen av april og september, dersom ikkje tilhøva tilseier noko anna.

Eigarmøta sitt formål er generell informasjon og utveksling av erfaring med drifta, samt utvikling av felles forståing for mål, strategiar og resultat når det gjeld drifts- og utviklingsområde.


I eigarmøtet skal Os idrettspark Bjørnafjorden KF orientera om pågåande prosjekt og utvikling av desse, samt tankar kring kommande prosjekt. Risikoelement ved pågåande prosjekt og prosjekt under utvikling skal takast opp. Like eins skal kommunen orientera om pågåande prosjekt knytt til føretaket, i dei tilfella det er kommunen som er utførar.

Økonomiplan (sjå pkt 4.5 nedanfor) skal behandlast i eigarmøtet. Eigar ved kommunedirektør har ansvar for innkalling og gjennomføring av møta. Det skal førast referat frå eigarmøta.

Andre møte

Når tilhøva tilseier det kan det haldast møte mellom eigar Bjørnafjorden kommune ved ordførar og kommunedirektør og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF ved styreleiar og dagleg leiar. Desse møta kan haldast for å sikra vital informasjon utanom eigarmøta. Innkalling til møta kan skje av begge partar. Eigar ved ordførar eller kommunedirektør kan i tillegg kalla inn til møte med forankring i vedtak i kommunestyret. Det skal førast referat frå alle møte.

4.4 Eigarstruktur



Os idrettspark Bjørnafjorden KF er ein integrert del av den kommunale organisasjonen og er ikkje eige rettssubjekt. Os idrettspark Bjørnafjorden KF har ikkje eigarskap i andre selskap, men Fjorden Arena og Os Idrettsplass Bjørnafjorden er registrerte som underreiningar av Os idrettspark Bjørnafjorden KF i einingsregisteret.

Os idrettspark Bjørnafjorden KF fører separate rekneskapsoppstillingar for Osbadet, Os idrettshallar, Os idrettspark ute, kiosk og Fjorden arena.

4.5 Resultatmål

Styret for føretaket skal kvart år utarbeida ein økonomisk plan som gjer greie for føretaket sin økonomiske status, og resultatmål på kort og lang sikt. Planen skal brytast ned på prosjekt. Den økonomiske planen skal drøftast og behandlast i eigarmøtet (sjå punkt 4.3 over).

Os idrettspark Bjørnafjorden KF pliktar å levera separate rekneskapsoppstillingar på drift av uteanlegg, innandørsanlegg, Osbadet, kiosk og Fjorden arena.

Eigar ventar at føretaket driv på ein slik måte at det er økonomisk balanse mellom budsjett og rekneskap.

Ved overskot frå drifta blir det ikkje betalt ut utbytte frå føretaket. Overskot blir verande i føretaket og skal disponerast på ein måte som styrkjer framtidig drift.

Leigeprisar i idrettshallane for ordinær organisert trening og kampar vert fastsette som del av kommunens budsjettvedtak. Prisar og legevilkår som ikkje er fastsette i gebyr og prisliste som del av Bjørnafjorden kommunestyre sitt årlege budsjettvedtak, har Os idrettspark Bjørnafjorden KF mynde til sjølv å fastsetja. Dette inkluderer å fastsetja pris for utleige til frivillige lag og organisasjonar si inntektsskapande verksemd (FFO, HFO, AFO,

kursverksemd, ferietilbod osv.) og pris for individuell trening/individuell bruk av anlegga (badeanlegg, klatreanlegg, treningsrom og møterom).

Os idrettspark Bjørnafjorden KF skal ikkje vera regionalt lønnsleiande på sitt område, men skal samtidig vera konkurransedyktig i lønspraksisen sin. Styret for føretaket fastset løn og andre godtgjersler til dagleg leiar.

4.6 Rapportering

Føretaket si rapportering til eigar skal skje på følgande måte:

- Det skal utarbeidast årsmelding for føretaket.
 - Årsmeldinga skal rapportera i samsvar med gjeldande eigarstrategi og føretaksstrategi og visa i kva grad føretaket oppfyller eigar sine forventningar og selskapet sine egne mål.
 - Årsmeldinga skal gje informasjon om vesentlege endringar og investeringsbehov for selskapet
 - Som del av årsmeldinga skal det rapporterast om korleis føretaket ivaretek samfunnsansvaret sitt.
 - Årsmeldinga skal gje informasjon om resultatet av styret si eigaevaluering.
- Utarbeide resultatrapport, balanse, noter til årsrekneskapen
- I tillegg til årsrapport skal føretaket utarbeida tertialrapportar i forkant av eigarmøta.
- Selskapet skal rapportera til eigar når det ligg føre vesentlege avvik frå budsjett.

5 Interesse- og rollekonflikter

Bjørnafjorden kommune kan vera både eigar, leverandør, kunde og mynde i høve selskapet. Kommunen er merksam på moglege interesse- og rollekonflikter i samband med føretaket si verksemd.

Moglege interesse- og rollekonflikter skal handterast gjennom føretaket sine ordinære beslutningsfora. Forhandlingar og diskusjonar mellom føretaket og kommunen sine einingar/andre verksemdar skal løysast mellom selskapa/føretaka og ikkje på eigarnivå.

6 Evaluering av eigarstrategien

Eigarstrategien skal evaluerast kvart fjerde år. Evalueringa skal gjerast i etterkant av kommunen si revidering av eigarskapsmelding del I.

7 Vedlegg

Eigarskapsmelding del I – Generelle prinsipp

Eigarskapsmelding del II – Selskap og eigarskap

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF sin strategiplan 2023-2027